

Det kongelige samferdselsdepartement
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

27. mai 2014

Uttale - Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbiler.

Vest-Telemarkrådet sluttar seg i hovudsak til Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbilar. Vi ser prioriteringa av utbygging langs dei nasjonale transportkorridorane som eit svært viktig grep for å auke andelen av elbilar i Noreg, og ser positivt på forslaget om ikkje å sette grenser for prosentsats eller beløp i samband med søknadene.

Av høyringsdokumentet går det fram at fullføring av allerede påbegynte korridorar vil ha prioritet.

Vi er usikre på om Transnova definerer E134 over Haukelifjell som "påbegynt" og såleis prioritert, og vil derfor understreke at denne korridoren er den mest trafikkerte av aust-vestsambanda.

E134 tener ein stor befolkning. På Sør-Vestlandet (Stavanger og Bergen er det eit folketal på omlag 800 000 og rundt Oslofjorden ca. 1 800 000. Mellom desse bur ca 80 000 i influensområdet langs E134.

Vegen har ein strategisk viktig funksjon som transportmessig hovudåre sør for Hardangervidda og nord for "sørlandske" (E18/E39).

E134 er karakterisert ved sine mange sidegreiner, og er også ein svært viktig regional veg ved at den bind saman naturlege arbeids-, bustads- og serviceregionar (Haugalandet - Vest-Telemark - Notodden/Kongsberg), samstundes som den er den desidert viktigaste lokalvegen i fleire kommunar. Saman med sidegreinene fører vegen fram til alle hamnene i Sør-Noreg.

Vi vil avslutningsvis minne om at korridor 5A i tillegg til Rv 36 også inkluderer Rv 41 og delar av Rv 13, og at sidegreinene må inngå i vurderingane av nyetableringar i korridoren.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet



Jon Svartdal
Regionordfører



Kjell Gunnar Heggnes
Regionrådsleiar